



**FORSKRIFT OM GEBYRREGULATIV FOR SAKSHANDSAMING
ETTER
PLAN- OG BYGNINGSLOVA(PBL) OG EIGARSEKSJONSLOVA**

Vedteken i Ulstein kommunestyre den 11.12.2025, sak 108/25.

Heimel: Plan- og bygningslova § 33-1, jamfør og byggesaksforskrifta, samt eigarseksjonslova § 15.

Vedlegg til forskrifta:

Gebysatsar for sakshandsaming etter plan- og bygningslova og eigarseksjonslova 2026

Kapittel 1 - Generelle føresegner

Gebyr etter dette regulativet vert betalt etter faktura utskreven av kommunen. Alle prisar er angitt i norske kroner. Det vert ikkje berekna meirverdiavgift på gebyr etter plan- og bygningslova eller eigarseksjonslova.

Regulativet speglar det faktiske arbeidet dei ulike sakstypene medfører. Samla fakturert gebyr dekker sakshandsaming, administrasjonskostnader, tilsyn med vidare.

§ 1.1. Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid. Det blir ikkje berekna meirverdiavgift på gebyr etter plan- og bygningslova.

Kommunen krev i tillegg inn tinglysingsgebyr og dokumentavgift i saker der kommunen må forskottare dette.

§ 1.2. Gjeldande regulativ

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen mottok ein tilfredsstillande søknad, eller rekvisisjon. Det vil seie at dokumenta stettar dei minimumskrava som er kravd i forskrift. For private planframlegg skal gebyra reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen mottek komplett planframlegg klart for 1. gongs handsaming.

§ 1.3. Betalingstidspunkt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr. Gebyret skal utsendast snarast etter at vedtak eller oppgave er gjort. Gebyr for oppstartsmøte i plansaker vert fakturert rett i etterkant av oppstartsmøte.

Kommunen kan krevje at gebyret er betalt før kommunen si sakshandsaming tek til.

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling vil det kome til purregebyr etter inkassoforskrifta.

Gebyret må betalast og forfell uansett om vedtaket er påklaga eller det er søkt om reduksjon av gebyr.

§ 1.4. Urimelege gebyr

Dersom gebyret er klart urimeleg i forhold til dei prinsipp som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnader kommunen har med ei sak, kan kommunalsjef teknisk eller den han eller ho har gjeve fullmakt til, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnad og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

§ 1.5. Avslag

For å etterleve reglane om sjølvkost skal 100% av det ordinære gebyret betalast også ved avslag på søknad. Avslagsgebyret vert ikkje godskrive ved innsending av ny revidert søknad.

§ 1.6. Kostnader som ligg til tiltakshavar

Tiltakshavar må dekke kostnader som følgje av tilhøve og / eller undersøkingar etter lov om kulturminne, plan- og bygningslova § 28-1 om m.a. byggjegrunn og miljøtilhøve, og plan- og bygningslova § 29-1 og 29-2 om bistand knytt til estetiske vurderingar. Tiltakshavar må dekke også eventuelt andre særskilte utgreiingar som måtte bli pålagt som følgje av tiltaket sitt omfang.

§ 1.7. Klage

Fastsetjing av gebyr i ei einskild sak etter regulativet, kan ikkje påklagast, jf. § 40 i forvaltningslova. Kommunen si avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

§ 1.8. Endring av regulativet eller gebyrsatsane

Kommunestyret vedtek gebyrregulativet og endringar i dette, normalt i samband med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år. Gebyra reflekterer kommunen sitt arbeid med dei enkelte sakstypene og er berekna i samsvar med sjølvkostprinsippet der kommunestyret har høve til å prise gebyra lågare enn sjølvkost.

Gebyrsatsane skal regulrast årleg.

Kapittel 2 – Private reguleringsplanar

§ 2.1. Regulativet omfattar

Privat forslag til reguleringsplan (detaljregulering) eller vesentleg endring av slik plan inkl. endring av reguleringsføresegnene. (Jf. PBL § 12-3, § 12-14 første ledd.)

Privat forslag til mindre endringar av reguleringsplan inkl. endring av reguleringsføresegnene – forenkla planprosess (Jf. PBL § 12-14, 2. ledd)

I dei tilfelle reguleringsplan skal utarbeidast med konsekvensutgreiing, jf. pbl. kap. 4 og forskrift om konsekvensutgreiingar, skal det for kommunen sitt arbeid betalast eit tilleggsgebyr. Utgifter som kommunen måtte ha til ekstern fagleg bistand kjem i tillegg.

§ 2.2. Timepris

For dei tenestene som ikkje er omfatta av dette regulativet kan det takast gebyr etter tida som har gått med. Dette kan vere justeringar av plankart, føresegnar, utgreiingar m.m. Timesatsen dekkjer også støttefunksjonar og administrasjon av tenesta.

§ 2.3. Oppstartsmøte

I samband med oppstartsmøte og godkjenning av oppstart i politisk utval ved full planprosess, skal det betalast gebyr. Kommunen kan kreve oppstartsmøte ved forenkla planprosess etter PBL § 12-14 andre ledd. Gebyret skal her vere 50% av ordinært gebyr.

§ 2.4. Avslutning av planinitiativ/prosess

Ved tilbaketrekking av planforslag eller manglande oppfølging frå plankonsulent skal forslagstillar betale ein del av sakshandsamingsgebyret avhengig av kor langt kommunen har kome i saksarbeidet.

1. For saker som vert avslutta etter påbyrja sakshandsaming, men før handsaming om utlegging til offentleg ettersyn, skal det betalast 50% av gebyret.
2. For saker som vert avslutta etter påbyrja sakshandsaming og etter handsaming om utlegging til offentleg ettersyn, skal det betalast 100 % av gebyret.

Dersom planoppstart ikkje er dokumentert kunngjort innan 6 månader etter gjennomført oppstartsmøte/politisk oppstartsak, vert saka avslutta og nytt oppstartsmøte må verte gjennomført før kunngjering av planoppstart. Tilsvarende gjeld der komplett planforslag ikkje er motteke innan 2 år etter kunngjering. I slike høve vil det verte nytt gebyr for oppstartsmøte.

Tidsfristane kan forlengast etter avtale med kommunen under føresetnad av dialog i forkant av fristoverskridelse.

Kapittel 3 – Dispensasjon (PBL § 19)

§ 3.1. Fleire dispensasjonar i ein søknad

Krev ein søknad dispensasjon frå gjeldande planar, lovar, eller avgjerder vert det berekna eitt gebyr for kvar dispensasjon. Der det i hovudsak er samanfallande vurderingar for fleire dispensasjonar vert det kravd berre eitt gebyr for desse.

§ 3.2. Gebyr ved avklarte forhold i overordna plan

Dispensasjon som vert handsama administrativt og er vurdert som rein formalitet, skal ikkje belastast med gebyr. Dette kan vere forhold som er prinsipielt avklart i overordna plan (t.d. utnyttingsgrad eldre planar).

§ 3.3. Tilbaketrekking, manglande oppfølging og avslutning av søknad

Søknadar som vert trekt/ikkje komplettert etter utført mottakskontroll: 20 % av ordinært gebyr.

Søknad om dispensasjon som vert trekt/ikkje komplettert etter høyring: 50 % av ordinært gebyr.

Dersom søknad ikkje blir komplettert innan 40 dagar etter eventuelt mangelbrev er sendt ut, vert saka avslutta og ein må betale gebyr jf. avsnitt over.

§ 3.4. Krav om endring av plan

Søknad skal i hovudsak ikkje handsamast som dispensasjon der endringa medføre permanent endring av formål i plan. Kommunen kan kreve at det då skal søkast om endring av plan etter PBL § 12-14.

Kapittel 4 – Bygge- og delesakshandsaming

§ 4.1. Bygningar som inneheld fleire funksjonar

For kombinasjonstiltak med fleire ulike og sjølvstendige brukseiningar, skal det betalast gebyr per eining, dette gjeld sjølv om dei ulike einingane sorterar under same type tiltak. T.d. forretning og kontor, symjehall og idrettshall.

Opprekninga av tiltak under E1 er ikkje uttømmende. Kommunen fastset i alle søknadssaker kva punkt i regulativet gebyret skal reknast ut etter.

§ 4.2. Søknad som inneheld fleire mindre tiltak (jf PBL § 20-4)

For søknadar som inneheld fleire mindre tiltak skal det gebyrleggast etter fylgjande prinsipp: Hovudgebyr etter det tiltaket som har høgast gebyr etter dette regulativ, deretter 25% gebyr for kvar av dei andre tiltaka. Dette prinsippet gjeld ikkje søknad om frådelling av eigedom som skal gebyrleggast fullt ut.

Konstruksjon, anlegg og vesentlege terrengendringar som er ein integrert del av ein byggesøknad etter PBL § 20-3 er medrekna i saksgebyret. For tiltak under pkt. E.1.a. er eitt garasjebygg, inntil 50 m² BRA samt ev støttemurar inkl i gebyret.

§ 4.3. Mellombels bygningar, konstruksjonar eller anlegg (jf PBL §§ 20-1 j og 20-4 c)

Oppføring av mellombels bygningar, konstruksjonar eller anlegg som ikkje skal plasserast for eit lengre tidsrom enn 2 år, skal ha fullt gebyr som om tiltaket var permanent.

§ 4.4. Tilbaketrekking, manglande oppfølging og avslutning av søknad

Søknadar som vert trekt/ikkje komplettert etter utført mottakskontroll: 20 % av ordinært gebyr.

Viss søknad ikkje blir komplettert innan 40 dagar etter eventuelt mangelbrev er sendt ut, vert saka avslutta og ein må betale gebyr jf. avsnitt over.

§ 4.5. Tilsyn

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å kontrollere at tiltak vert gjennomført i samsvar med føresegnar gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Tilsyn skal bidra til betre gjennomføring av byggjeprosessar, avdekkje lovbrøt og verke førebyggjande.

10 % av sakshandsamingsgebyret skal dekkje kommunen si tilsynsverksemd.

Kapittel 5 – Eigarseksjonering

§ 5.1. Generelt

I saker som utløyse dokumentavgift, må denne vere betalt før saka vert sendt til tinglysing.

Dersom eigar under saksgangen gjer forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, vert gebyret likevel oppretthalde.

I ei sak der kommunen må innhente informasjon fra grunnboka ved bestilling av slik informasjon, vil slike kostnader bli lagt til dei andre gebyrkostnadane (ref. MDs rundskriv T-5/09).

§ 5.2. Saker som ikkje vert fullført

Når saka av ulike grunnar ikkje kan slutførast, kommunen avslår søknad eller søkar trekk søknad:

Avsluttast ei sak før sakshandsaming er starta, skal det ikkje betalast gebyr.

Avsluttast ei sak etter at sakshandsaming er starta vert det rekna gebyr for 60 % av sats avhengig av opprinneleg sakstype.

§ 5.3. Oppretting av eksklusive uteareal

Krev eigen søknad og er omfatta av «Forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter matrikkellova»

Kapittel 6 - Ikrafttreden

§ 6.1.

Denne forskrifta trer i kraft den 01.01.2026.

Frå same tidspunkt opphevast «Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova (PBL) og Eigarseksjonslova» vedteken av Ulstein kommunestyre den 12.12.2024 - sak PS 150/24.

Vedlegg

Gebyrsatsar for sakshandsaming etter plan- og bygningslova og eigarseksjonslova 2026

Vedteke i Ulstein kommunestyre den 11.12.2025, sak 108/25.

Ikraftsetjing: 01. januar. 2026

A. Private reguleringsplanar		
A.1. Timepris		
a) for tenester etter medgått tid	kr	1 240
A.2. Oppstartsmøte		
a) ordinær planprosess - inkl ev. politisk oppstartssak	kr	13 921
b) forenkla planprosess - inkl ev. politisk oppstartssak	kr	6 960
A.3. Sakshandsaming av planframlegg		
a) detaljregulering inntil 1-5 bueiningar* eller inntil 500 m ² næringsformål eller inntil 1000 m ² anna formål	kr	76 658
b) detaljregulering 6-10 bueiningar* eller inntil 1000 m ² næringsformål eller inntil 5000 m ² anna formål	kr	101 188
c) detaljregulering over 10 bueiningar* eller over 1000 m ² næringsformål eller over 5000 m ² anna formål	kr	128 172
d) detaljregulering med planprogram og konsekvensutgreiing - tillegg til gebyret i pkt c	kr	31 705
e) forenkla planprosess etter § 12-14 andre ledd - administrativ handsaming	kr	9 689
f) forenkla planprosess etter § 12-14 andre ledd - politisk handsaming, inntil 8 bueiningar/2 firmannsbustadar	kr	25 327
g) forenkla planprosess etter § 12-14 andre ledd - politisk handsaming, fleire enn 8 bueiningar/næringsformål	kr	38 570
h) etterlysing av manglande/ufullstendig dokumentasjon/utgreiing i planframlegg ved gjentekne mangelbrev	kr	4 408
*) gjeld både bustad og fritidsbustadar		

B. Dispensasjon og fråvik		
B.1. Dispensasjon		
a) administrativ handsaming utan høyring og der løyve til tiltak vert handsama i same sak	kr	3 373
b) administrativ handsaming utan høyring	kr	6 132
c) administrativ handsaming med høyring	kr	10 670
d) politisk handsaming utan høyring	kr	11 222
e) politisk handsaming med høyring	kr	19 378
Ved fleire dispensasjonar i same sak skal gebyr utrekast i samsvar med § 3.1. Gebyr for løyve til tiltak kjem i tillegg til satsane under B.1.		
B.2. Fråvik frå TEK17		
a) gebyr pr fråvik	kr	3 373

C. Delingssøknad		
C.1. Handsaming av søknad om frådeling (PBL § 20-1 m)		
a) der grensene er i samsvar med gjeldande reguleringsplan	kr	6 132
b) der grensene ikkje er definert i reguleringsplan	kr	8 816

D. Byggesaker utan krav til ansvarsrett			
D.1. Mindre tiltak på bebygd eigedom (PBL § 20-4 og SAK10 § 3-1)			
a)	oppføring, tilbygg eller endring av mindre frittliggende bygning	kr	8 033
b)	veranda, karnapp o.l. (inkl. utviding/endring), overbygd uteplass	kr	6 132
c)	bruksendring (tilleggsdel/hoveddel) innanfor ein bueining	kr	6 132
d)	skilt- og reklameinnretning	kr	6 132
D.2. Driftsbygninger i landbruket (PBL § 20-4 b og SAK10 § 3-2)			
a)	oppføring, endring, riving – bruksareal pr. påbegynt 500 m ²	kr	8 033
b)	tilbygg - bygningens totale bruksareal inkl. tilbygg pr. påbegynt 500 m ²	kr	8 033
D.3. Andre mindre tiltak som kan omsøkast av tiltakshavar(PBL § 20-4 a og e)			
a)	etter kommunens skjønn	kr	6 132
b)	mindre tiltak på leikeplassar, friluftsområde (gapahuk o.l.)	kr	2 453
D.4. Endringer i høve gitt løyve (PBL § 20-4)			
a)	mindre endringer	kr	1 900
For større endringer kan kommunen kreve at saka vert handsama som ny sak			

E Byggesaker med krav om ansvarsrett			
E.1. Oppføring av bygning (PBL § 20-1 a, § 20-3 saker)			
a)	bustad og fritidsbygning, pr. bygning *) (bt-kode: 111-172, 193-199)	kr	23 549
b)	bueining nr. 2 til og med nr 5 i same bygning, pr. bueinig	kr	10 792
c)	frå og med bueining nr. 6 i same bygning, pr. bueining	kr	6 132
*) Ved større feltutbyggingar vil gebyrregulativet kunne medføre urimeleg høge gebyr. Ved feltutbygging frå og med 5.bustadbygning skal det derfor bereknast 1/2 gebyr av ordinær sats i pkt a). Gebyra bereknast pr. feltområde i reguleringsplan.			
d)	garasje, uthus, naust < 100 m ² (bt-kode: 181-182)	kr	10 792
e)	garasje, uthus, naust > 100 m ² (bt-kode: 181-182)	kr	16 006
f)	industrihall, lagerbygning < 200 m ² (bt-kode: 231-249) **)	kr	16 006
g)	industrihall, lagerbygning > 200 m ² (bt-kode: 231-249) **)	kr	30 487
h)	kontor, industri og forretningsbygning m.m. < 1000 m ² (bt-kode: 311-449) **)	kr	61 264
i)	kontor, industri og forretningsbygning m.m. > 1000 m ² (bt-kode: 311-449) **)	kr	71 016
j)	bygning for overnatting, publikum, skulebygg m.m. (bt-kode: 511-840) **)	kr	84 262
k)	brakkeriggjar for kontorlokale, undervisning og liknande	kr	32 011
l)	brakkeriggjar for overnatting – pr. bygning	kr	48 016
** For brukseiningar med BRA over 2000 m ² , skal det betalast 1,5 gang gebyret som står oppført.			
E.2 Tilbygg, påbygg, underbygg og plassering (PBL § 20-1 a, § 20-3 saker)			
a)	bruksareal < 100 m ²	kr	9 812
b)	bruksareal 101 - 200 m ²	kr	13 369
c)	bruksareal > 200 m ²	kr	23 119
d)	bruk til enkel lagerbygning	kr	9 812
For tilbygging av ny(e) bueining(ar) eller tilbygg, påbygg eller underbygg som avgjerande endrar eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det betalast gebyr som for nybygg			

E.3 Fasadeendring, bruksendring og ombygging (PBL § 20-1 a, § 20-3 saker)			
a)	mindre ombygging som medføre endring av bygget sin eksteriør karakter	kr	8 033
b)	bruksendring - 1 ny bueining	kr	11 389
c)	bruksendring - deretter pr. ny bueining	kr	5 785
d)	mindre bruksendring, ikkje bustad	kr	8 033
<i>For søknad som samstundes føreset endringar av eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det i tillegg til gebyr etter E.3., betalast aktuelt gebyr for desse endringane. For andre bruksendringar/ombyggingar vert det rekna gebyr tilsvarande 50 % av ordinært gebyr etter punkt E.1.. Kommunen kan krevje at saka vert handsama som ny sak med fullt gebyr</i>			
E.4. Riving av bygning, konstruksjon eller anlegg (PBL § 20-1 e)			
a)	bruksareal < 100 m ²	kr	3 373
b)	bruksareal ≥ 100 m ²	kr	8 033
E.5. Arealuavhengige tiltak (PBL § 20-1 b,f , h-i og k-l)			
a)	heis - installasjon eller rehabilitering/endring	kr	6 132
b)	skorstein, nyoppføring eller rehabilitering	kr	3 373
c)	støttemur, levegg	kr	6 132
d)	skilt eller reklameinnretning, antennesystem	kr	6 132
e)	andre mindre tiltak som er søknadspliktige	kr	6 132
f)	mindre terrenginngrep, konstruksjonar og anlegg, veganlegg, parkering, damanlegg, flytebrygger, basseng, brønn, røranlegg o.l	kr	6 132
g)	vesentlege terrenginngrep, konstruksjonar og anlegg, veganlegg, parkering, damanlegg, flytebrygge, basseng, brønn, røranlegg o.l	kr	14 595
E.6. Godkjenning av sjølvbyggar for ansvarsrett (PBL kapittel 22, 23 og 24)			
a)	handsaming av søknad om personleg ansvarsrett	kr	1 840
E.7. Igangsettingsløyve			
a)	eitt gebyr per løyve	kr	6 132
E.8. Endringar i høve gitt løyve			
a)	reviderte teikningar/mindre tillegg/justeringar som formelt krev handsaming	kr	3 373
<i>For sakshandsaming av større endringar i høve gjeve løyve vert det rekna gebyr tilsvarande 30 % av ordinært gebyr etter dette regulativ, men då med minimumsgebyr tilsvarande gebyret i pkt a). Kommunen kan krevje at saka vert handsama som ny sak.</i>			
E.9. Mellombels bruksløyve, Ferdigattest (PBL § 20-3)			
a)	mellombels bruksløyve, pr søknad for inntil 2 bu- eller brukseiningar	kr	3 373
b)	tillegg deretter for kvar 2. bu- eller brukseining i same søknad	kr	3 373
<i>maksimalt gebyr pr søknad vert sett til 5 x gebyret</i>			
c)	ferdigattest	kr	3 373
<i>For saker etter pkt E.4.a og E.5 a-f skal det ikkje reknast gebyr etter dette punkt</i>			

F. Diverse gebyr ved søknadspliktige tiltak			
F.1. Førehandskonferanse			
a)	inntil 60 min inkl. skriftleg referat (PBL § 20-4)	kr	1 840
b)	inntil 60 min inkl. skriftleg referat (PBL § 20-3)	kr	3 373
c)	tillegg pr 30 min - 1/4 av grunnsats		
F.2. Innhenting av løyve eller uttale/samtykke frå anna mynde (PBL § 21-5)			
a)	eitt gebyr per innhenting	kr	3 373
F.3. Mangelfull søknad			
a)	etterlysing av manglande/ufullstendig dokumentasjon i søknad (PBL 20-4)	kr	1 840
b)	etterlysing av manglande/ufullstendig dokumentasjon i søknad (PBL 20-3)	kr	3 373
c)	gjennomgang og retur av søknad som ikkje er korrekt eller inneheld det minimum av dokumentasjon som er kravd i forskrift.	kr	3 373
F.4. Søknad på papir (PBL § 20-3)			
a)	gebyr for meirarbeidet dette medføre	kr	3 373
	Kommunen krev med heimel i Eforvaltningslova §3 at ansvarleg søker skal nytte seg av offisielle godkjende eByggesaksløysingar. Kommunen kan likevel ikkje nekte å ta i mot søknadar levert på papir.		
F.5. Ulovleg byggearbeid			
a)	Dersom søknadspliktige arbeid vert sett i gang eller eit søknadspliktig tiltak vert teke i bruk utan løyve, kan det gjevast eit tilleggsgebyr på 50% av fullt handsamingsgebyr, minimumsats	kr	6 132
	Det kan i tillegg verte gitt overtredingsgebyr jf byggesaksforskrifta § 16		
G. Eigarseksjonering			
G.1. Oppretting av eigarseksjonar			
a)	til og med 4 seksjonar	kr	11 933
b)	5 - 8 seksjonar	kr	17 900
c)	frå 9 seksjonar, tillegg til G.1.b. pr. ny seksjon	kr	969
	Maksimalt gebyr vert sett til tre gongar gebyret under G.1.b.		
G.2. Oppretting av eigarseksjonar, reine parkeringsseksjonar			
a)	til og med 4 seksjonar	kr	5 967
b)	5 - 8 seksjonar	kr	8 950
c)	frå 9 seksjonar, tillegg til G.2.b. pr. ny seksjon	kr	484
	Maksimalt gebyr vert sett til tre gongar gebyret under G.2.b. Dersom søknaden også omfattar bustadseksjonar, skal maksimalgebyr reknast etter pkt G.1.b.		
G.3. Reseksjonering			
a)	1-4 seksjonar eller fellesareal endrast	kr	17 900
b)	5 - 8 seksjonar eller fellesareal endrast	kr	23 866
c)	frå 9 seksjonar, tillegg til G.3.b. pr. ny seksjon	kr	1 342
	Maksimalt gebyr vert sett til tre gongar gebyret under G.3.b.		
G.4. Synfaring			
a)	gebyret kjem i tillegg til handsamingsgebyr under G1-G3	kr	5 221
	Synfaring av eigedom vert utført når kommunen finn dette nødvendig for handsaming av saka.		
G.5. Sletting (oppheving) av seksjonert sameige			
a)	Sakshandsaming for å slette seksjonar på ein eigedom	kr	7 458
G.6. Mangelfull søknad			
a)	etterlysing av manglande/ufullstendig dokumentasjon i søknad, pr. mangelbrev. Fakturerast innsendar	kr	3 373